

Møteprotokoll frå konstituerande møte Høyanger sokneråd

Møtedag: onsdag 25.oktober 2023

Møtetid: kl.18.00-kl.20.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Til stades:

Marit Tønning, Vidar Myren, Andreas Ester, May-Wenche Fossmark, Heike Müller, Elisabeth Johansen, Edel Marie Johansen, Glenn Andre Johansen, Torsten Müller, og kyrkjeverje Stig Jonny Fitje

Fråverande: Aud Saxrud

Kopi av møteprotokollen går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, kommunedirektør Ørjan Haram, administrasjonssekretær Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Innkalling vart godkjent. Referent i dag er Heike Müller.

Meldingssaker

- 01 Sokneprest Andreas Ester har ordet.
Han tok utgangspunkt frå Paulus 1. brev til Korintarane kap.12.
- 02 Leiar og nesteleiar i avtroppande sokneråd informerte om deira arbeid:
 - Årsmelding må leggest fram før utgang mars kvart år.
 - Høyanger sokneråd har felles misjonsavtale med Kyrkjebø sokn. Misjonsavtalen med NMS gjelder to kyrkjesamfunn i Estland.
 - Dugnad på gravplassane og kring Høyanger kyrkje bør skje før konfirmasjonane kvart år.
 - Kyrkje vertar ved gudsteneste
 - Open kyrkje kvar veke frå januar 2021 og ut oktober 2023
 - Tilbod om gratis skyss til gudstenester
 - Referent på soknerådsmøta har gått på omgang i siste valperiode.
 - Soknerådet har ansvar for trusopplæringa i Høyanger sokn. Fellesråd har arbeidsgiveransvar for den tilsette i stillinga.
 - Tildeling av offergåver fram til 24.12.2023 :

08.11.23 Minnegudsteneste	offer til Helgestunde
29.11.23 Gladgudsteneste	offer til misjonsprosjekt i Estland
06.12.23 Lysmesse	offer til trusopplæring i Høyanger
24.12.23 Julaftan	offer til Kirkens nødhjelp
- 03 Stig Jonny Fitje informerte om dei tilsette frå fellesråd og oppgåvene deira.

- 04 Kurs og Fagdag for dei nyvalte soknerådsmedlemmer:
Innkalling til introduksjonskurs for nyvalte sokneråd 2023 i Førde
15.november 2023 frå kl.17-21 på kyrkjetunet.
Fagdag for sokneråda i Høyanger kommune 23.november 2023 på
Alværa misjonssenter frå kl.18.00-20.30.
- 05 Frivillighetsliste for open kyrkje:
Veronika Vågen
Marit Tønning
May-Wenche Fossmark
Eli Ann Vågen

Leiar May-Wenche Fossmark og nestleiar Marit Tønning trekte seg tilbake etter meldingssakene og overlate vedtakssakene til det nye soknerådet.

Vedtaksaker

001/23 Soknerådet vel blant sine medlemmer i det konstituerande møte og seinarar kvart år leder og neste leder. Valet forgår skriftleg. Det skal også veljast representantar til fellesråd med personleg vara for begge.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtak samrøysta Vidar Myren som leiar og Edel Marie Johansen som nestleiar i perioden fram til oktober 2024.

Vidar Myren er valt som representant i fellesråd. Torsten Müller er forslått som andre representant.

Høyanger sokneråd utsetta val av andre representant og vara til neste møte.

002/23 Sokneråds møteplan for hausten 2023

Vedtak:

Neste møte er onsdag 08.november 2023 kl. **19.00** i Høyanger kyrkje.

003/23 open kyrkje i Høyanger

Vedtak:

Høyanger sokneråd forsette å holde kyrkja open på laurdagar fram til 25.november 2023. Vidar Myren tek ansvar 04.november og Heike Müller 11.november.

Referent Heike Müller

Høyanger 26.10.2023